



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
05.03.2015  
Dykkar dato  
18.02.2015

Vår referanse  
2015/2798 421.3  
Dykkar referanse  
15/152

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland - gnr 38 bnr 24 - tilbygg til bustad og oppføring av brygge - uttale

Fylkesmannen syner til brev av 18.2.2015 med høyringsfrist 18.3.2015.

Saka gjeld dispensasjon for bygging av tilbygg til bustad, bruksendring uthus og ny bryggeplattform. Bustaden ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø og i område avsett til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø.

#### *Tilbygg/uthus*

Når det gjeld bygging av tilbygg til bustad og bruksendring av uthus, vil desse tiltaka medføre minimale inngrep i terrenget sidan tilbygget skal byggast på noverande terrasse. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med landbruk- eller friluftssinteresser. Tilbygget skal plasserast vekk frå sjøen og vil ikkje privatisere strandsona meir enn i dag. Fylkesmannen har ingen merknader til at det kan gjevast dispensasjon for desse tiltaka.

#### *Bryggeplattform/trapp*

Når det gjelder bryggeplattforma og stien/trappa ned til den, er Fylkesmannen si vurdering derimot at dette vil føre til auka privatisering av strandsona. Det er ikkje noko eksisterande bygg på denne delen av eigedommen frå før og bygging her kan føre til presedens for seinare søknader i området.

Meland kommune ligg i sone to etter dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, andre områder der presset på areala er stort. Vi viser til lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova § 19-2:

*Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoner forvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandling av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress.*

Tiltakshavar peiker også på at det vil vere positivt for ferdsel i Kyrkjesundet å få merka undervasskjeret. Fylkesmannen kan ikkje sjå at dette vil vega opp for dei negative konsekvensane ved tiltaket.

Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 for å gje dispensasjon er derfor ikkje innfridd, og Fylkesmannen rår i frå ein dispensasjon til bryggeplattformen og trappa.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brække Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*